



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen

Informasjonsseksjonen

5020 Bergen

Telefon 55 23 99 42

Telefaks 55 23 99 49

Pressemedling

Bergen 18. januar 2011

Ny satsing på fartøyvern. Hordaland fylkeskommune set kursen for fartøyvernpolitikken.

Hordaland fylkeskommune er svært positiv til å få ansvaret for fartøyvernpolitikken slik det vert lagt opp til i Nasjonal verneplan for fartøy 2010-17. På møte i dag, 18. januar 2011, vedtok kultur- og ressursutvalet å setja i gang arbeid med ein eigen plan for fartøyvern i Hordaland.

Bakgrunn

I desember 2010 lanserte statsråd Erik Solheim og riksantikvar Jørn Holme Nasjonal verneplan for fartøy 2010-2017. Frivillige organisasjonar og andre viktige aktørar skal medverke til å gjennomføre planen. Eit viktig grep i planen er at det vert opna for at fylkeskommunen kan overta førstelinjeansvaret for fartøyvernet. Hordaland fylkeskommune har sagt seg interessert i ei slik ordning.

I møte tysdag 18. januar 2011 handsama kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune den gode nyheita. Utvalet hadde første utkast til nasjonal fartøyplan på høyring i januar 2010 og tok samrøystes til orde for at fartøyvernet i større grad måtte sjåast i samband med regionale behov og politikk. Planen vart etter det revidert i tråd med Hordaland fylkeskommune sitt syn. Det endelege framlegget som vart lagt fram i desember 2010 er langt på veg i tråd med tilrådinga frå fylkespolitikarane.

Fylkespolitikarane har prega utforminga av den nasjonale fartøyvernpolitikken

Leiar Helge Andre Njåstad i kultur- og ressursutvalet er svært nøgd med at utvalet har klart å påverke nasjonal politikk på fartøyvernfeltet.

– Fartøyvern er eit politikkområde me er opptekne av og no kan me utvikle det vidare. Dei som tek vare på små og store fartøy skal få ei sterkare og nærare støtte for arbeidet sitt, seier Njåstad

Utvikling av fartøyvernet i Hordaland

– Me ser korleis dette feltet grip inn i utforminga av kulturpolitikken vår, seier utvalsleiar Njåstad. Hordaland er eit viktig sjøfartsfylke. Sjøvegen og fartøya har alltid knyta oss saman. Så langt har me ikkje sikra meir enn ein liten del av det store historiske mangfaldet av flytande kulturminne.

Me ønskjer å oppretthalde eit utval fartøy frå den maritime kulturhistoria. Men, det er like viktig å sikre fartøya som ressursar for gode opplevingar i lokalsamfunna våre, seier utvalsleiaren

– Me er budde på å auke midlane på feltet monaleg slik at dei gode kreftene som arbeider med små og store fartøy kan gjere ein endå betre jobb, seier Helge Andre Njåstad. Kultur- og ressursutvalet er spent på korleis desse endringa vil påverke saksfeltet vårt frametter. Me tek allereie no til orde for å lage ein eigen plan for fartøyvernet i Hordaland, seier Njåstad.

Kontaktperson:

Leiar i kultur- og ressursutvalet Helge Andre Njåstad – mob. 957 97 021